

2013

Sogn og Fjordane  
fylkeskommune

---

**Rapport om oppfølging av  
Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane  
2010 - 2025**

---

# 1. Innleiing

## 1.1. Om rapporten 2013

Rapporten vil ikkje gå gjennom i detalj kvart einskild tiltak, men trekkje ut dei viktigaste og peike på forbetringspotensiale og gje ei samla vurdering knytt til måloppnåinga. Det vert synt til vedlegg om tabellar, gjennomførte tiltak og oversyn over løyvingar.

## 1.2. Året 2013 – nasjonalt og lokalt

Nasjonalt endte 2013 endte med en total nedgang i kommersielle gjestedøgn på minus ein prosent.<sup>1</sup> Både den norske og utanlandske marknaden opplevde ein nedgang på ein prosent samanlikna med 2012 i . Berre Fjord Noreg som region hadde ein oppgang på ein prosent på norske og utanlandske gjestedøgn på hotell. Dei siste åra har vore tunge, men det er tru på ein svak oppgang og betre tider frå 2014. Dei viktigaste landa for Norge som Tyskland og Nederland svikta, noko som og syner igjen i statistikken for fylket vårt. Med utgangspunkt i dei førebelse tala fram til november 2013 har fylket ein nedgang i trafikken<sup>2</sup>, men ein ser ei positiv utvikling for vintersesongen, noko som syner igjen i auka satsing på haust- og vinterturisme rundt om i fylket. Vidare har turisten endra seg. Dei stiller større krav til kvalitet og er opptekne av å oppleve noko når dei er på reise. Dette får betydning for korleis reiselivsnæringa skal utvikle seg med omsyn til tilbud og tilgjengelegheit.

# 2. Måloppnåing

Reiselivsplanen opererer med tre overordna mål; auke i tal gjestedøgn, auka verdiskaping og at reiselivet i Sogn og Fjordane skal vere berekraftig. Statistikk er henta frå [www.statistikknett.no](http://www.statistikknett.no) per 10. 01.2014. Samla oversikt for 2013 vil først ligge føre 31. 01.2014 og difor vil ikkje alle tal vere endelege. Vidare så har Statistisk sentralbyrå (SSB) lagt om datainnsamlinga og utvida kategorien som gjeld camping og hytter, difor vil ikkje samla tal og tal for denne delen av reiselivsnæringa vere samanliknbar med tidlegare år.

## 2.1. Auka verdiskaping

Delmål: Auka verdiskaping i hotell- og restaurantnæringa

Indikatorar er verdiskaping og tal tilsette. Verdiskaping er definert som driftsresultat og løn.

Det er ikkje gjort endeleg talfesting av målsettingar, målsettinga som vert lagt til grunn er difor det som Reiselivsplanen 2010-2025 tilrår og tabellane syner utviklinga.


*Reiselivsplanen: Verdiskapinga i hotell- og restaurantnæringa skal auke til kr. 900 mill i 2025 målt i 2006-kroner.*

---

<sup>1</sup> I følge framskrivingar frå Innovasjon Norge. Endelege tal vert tilgjengelege februar 2014.

<sup>2</sup> Det er hotellgjestedøgn som er nytta, då innsamlingsmetodar er endra slik at samla tal ikkje er samanliknbare med tidlegare år.


### Verdiskaping i reiselivsnæringa (overnatting og servering) i Sogn og Fjordane 2007-2011<sup>3</sup>



Rekna om til verdi av 2006-kroner vert dette **459 mill kr.**

*Reiselivsplanen: Tal tilsette i hotell- og restaurantnæringa skal auke til 2.500 i 2025.*

### Utviklinga i tal tilsette for Sogn og Fjordane (overnatting og servering) 2000-2012<sup>4</sup>




### Utviklinga i tal bedrifter for Sogn og Fjordane (overnatting og servering)<sup>5</sup>

<sup>3</sup> [http://www.statistiknett.no/reiseliv/okonomi/struktur\\_region.aspx](http://www.statistiknett.no/reiseliv/okonomi/struktur_region.aspx)

<sup>4</sup> [http://www.statistiknett.no/reiseliv/okonomi/syss\\_region.aspx](http://www.statistiknett.no/reiseliv/okonomi/syss_region.aspx)

<sup>5</sup> [http://www.statistiknett.no/reiseliv/okonomi/bed\\_region.aspx](http://www.statistiknett.no/reiseliv/okonomi/bed_region.aspx)



Det kan og vere verdt å kaste eit blikk på utviklinga av reiselivsbedrifter i fylket dei siste åra. Det er eit relativt kraftig hopp på tal bedrifter frå 2012 til 2013. Auken i serveringsbedrifter er på 17 bedrifter, noko som svarar til ein vekst på nesten 10 prosent. Overnattingsbedrifter har auka med 23, noko som er ein vekst på over 10 prosent. Utviklinga i desse bransjekategoriene heng ikkje i hop med utviklinga dei siste åra, då det har vore mindre endringar, slik at det kan tenkjast at endringa har noko med registrering av føretak å gjere.

Det strekast under at vi har per no ikkje tal for utviklinga av aktivitetsbedrifter, då dette ikkje er med på dei offentlege statistikkane. Dette er ein viktig del av reiselivsnæringa og ein viktig del av det bedriftsretta arbeidet frå Innovasjon Norge (IN) og som det bør satsast vidare på.

Som påpeika i handlingsplanen for 2013, meiner styringsgruppa at overordna statistikk ikkje syner heile biletet av arbeidet som vert gjort. Styringsgruppa vil difor og vurdere den direkte bedriftsretta innsatsen gjennom IN som på lengre sikte er med på å styrke reiselivsbedriftene i fylket.

### Måloppnåing – nettverksprosjekt og løyvingar frå Innovasjon Norge

Dei tre nettverksprosjekta har alle som målsetting å auke omsetninga i dei einsskilde nettverksprosjekta (dei opplevingsprodukta som dei utviklar i lag).

Status per medio oktober 2013 var:

- **Prosjekt Camp Gulen**
  - Mål 2013: 565.000
  - Status: 225.000
- **Prosjekt Jostedalen Signature**
  - Mål 2013: Omsetningsmål 2012-2015 + 50% i skulder- og lavsesong
  - Status: 59.700

- **Prosjekt Fjordski**
  - Mål 2013: 300.000
  - Status: 315.000

Erfaringane tyder på at det er behov for å kople dei små aktørane mot større aktørar for å få større kommersielle musklar. Vidare er det avgjerande for nettverk av mange små aktivitetsbedrifter å ha tilgang på ekstern prosessleing.

#### Løyvde midlar frå Innovasjon Norge inn i nettverksarbeidet:

Til bedriftsnettverk – tematiserte opplevingskonsept

- Gulen Dykkesenter AS, kr. 600.000,- nov 2012 1. år hovudprosjekt
- Bratt Moro AS, kr. 750.000,- jan 2013 1 år hovudprosjekt
- Jostedalen Breførlag AS, kr. 745.000,- des 2012 1. år hovudprosjekt

Briksdalen Adventure avslutta etter gjennomført forprosjekt i 2012. Er i dialog med Norway Adventures mfl. om nytt nettverk i ytre Nordfjord.

European Rural Industrial Heritage (ERIH)- nettverket (i regi av Askvoll Næringsutvikling) har finansiering i hovudprosjekt frå Riksantikvaren, der det er løyvd kr. 375.000,- april 2013 frå IN til kompetanseprogram. Dette er eit nettverk som arbeider med å få til reiselivsutvikling på gamle industristader i Europa og der ein har gode erfaringar frå mellom anna Ruhr-området i Tyskland.

Vidare er det løyvd kr. 800 000 til prosessleing til nettverksarbeidet samla sett.


## **2.2. Auke i tal gjestedøgn**



Målsettinga i reiselivsplanen er å auke tal gjestedøgn med fram mot 2025. Vidare skal det vere større prosentvis auke i norske gjestedøgn enn utanlandske. Det er framleis utfordringar med å få fram gode nok tal på overnattingsstatistikk med omsyn til å fange opp små overnattingsbedrifter. Registreringa av gjestedøgn har og blitt lagt om frå Statistisk sentralbyrå si side for betre å kunne samanliknast med europeiske tal, men tal knytt til camping og hyttegrender ikkje er samanliknbare med tidlegare år. Endringane gjer likevel at eit breiare omfang av overnattingsbedrifter vert med i statistikken.

I tabell 1 (vedlegg) ligg tala frå 2013 fram til november. Her ser ein at til liks med landet elles, så har alle vestlandsfylka så nær som Hordaland nedgang. Nedgangen er størst for Sogn og Fjordane sitt vedkomande. Nedgangen må setjast i samanheng med eit vanskeleg år for reiselivsnæringa, noko som var spådd ved inngangen til året i fjor. Vidare syner tabellen ein samla marknad (inkludert både hotell og hytter) og er difor ikkje samanliknbar. Grunna omlegging bør ein for året 2013 nytte statistikk for hotellovernattingar som då er samanliknbar for tidlegare år. Ser vi på tabell 2, så er det ein liten nedgang i hotellovernattingar frå 2012 til 2013 med dei førebelse tala som ein har per no. Det er særleg den tyske og nederlandske marknaden som har svikta, marknader som er viktige for Fjord Norge-regionen og generelt nedgang i turistar frå Europa.

Tabellane nedanfor syner den langsiktige utviklinga i hotellovernattingstatistikken for fylket som då er samanliknbar over ein lengre periode. Nedgangen som vi ser frå 2012 til 2013 har

samanheng med den dårlege sesongen generelt sett i tillegg til at tala ikkje er endelege, men ein nedgang er venta. Vidare ser vi og at utviklinga på vintertrafikken aukar, noko som er positivt og er med på å medverke til å skape fleire arbeidsplassar og utvikling mot eit heilårleg reiseliv. Ser vi utviklinga av skuldresesongane mai og juni, ser vi og ei utvikling som er med på å underbygge eit styrka reiseliv med lenger sesong. Likevel kan ein sjå ein kraftig nedgang i september i 2013 som kan ha samanheng med det dårlege året generelt.





#### Cruise

Sjølv om måla i reiselivsplanen ikkje seier noko konkret om cruisetrafikk, er det verdt å ta med tal for denne turisttrafikken og, då denne er viktig mange stader i fylket og er ein viktig del av grunnlaget for reiselivsnæringa. Tabellane nedanfor syner resultat for hamnene i Fjord Norge-regionen <sup>6</sup>i åra 2009 til 2013 med omsyn til tal passasjerar og tal skip. Skjolden og Olden er dei hamnene som har størst auke, mens vi ser at Florø og Vik har relativt stor nedgang tal passasjerar og skip om ein ser på perioden 2010-2013.

<sup>6</sup> Tal henta frå Fjord Norge AS

Cruise guests / visitors in Fjord Norway							
Ports	2009	2010	2011	2012	2013	2010-2013	
Bergen	282 500	291 877	350 248	446 906	475 000	183 123	+ 62,73 %
Geiranger	218 038	210 105	229 220	312 136	320 000	109 895	+ 52,30 %
Stavanger	147 000	175 325	215 026	277 000	388 000	212 675	+ 121,30 %
Flåm	142 608	136 908	156 907	199 875	235 000	98 092	+ 71,64 %
Ålesund	66 312	76 709	93 301	143 201	205 721	129 012	+ 168,18 %
Olden/Nordfjord	74 507	66 702	83 886	108 833	130 000	63 298	+ 94,89 %
Eidfjord	32 828	55 583	53 380	67 082	120 000	64 417	+ 115,89 %
Ulvik	4 744	33 000	26 713	32 519	40 300	7 300	+ 22,12 %
Molde	27 144	42 413	37 496	46 058	61 660	19 247	+ 45,37 %
Åndalsnes	39 705	44 489	55 861	77 782	98 008	53 519	+ 120,29 %
Gudvangen	15 925	8 337	11 536	3 165	10 000	1 663	+ 19,94 %
Vik i Sogn	15 169	16 000	14 972	5 576	9 870	-6 130	- 61,68 %
Skjolden	9 747	6 085	8 257	26 835	68 000	61 915	+ 1017,50 %
Kristiansund	5 998	2 831	2 071	4 182	9 000	6 169	+ 317,90 %
Jondal	350	1 200	-	-	-	-1 200	
Rosendal	7 048	2 316	3 724	2 558	3 800	1 484	+ 64,07 %
Flørø	575	5 597	1 966	3 230	3 000	-2 597	- 53,60 %
Odda	-	-	-	-	562	562	+ 562 %
Haugesund	-	-	-	5 000	7 000	7 000	+ 7000 %
<b>Totalt</b>	<b>1 090 198</b>	<b>1 175 477</b>	<b>1 344 564</b>	<b>1 618 737</b>	<b>2 184 921</b>	<b>1 009 444</b>	<b>+ 85,87 %</b>
		+ 7,82 %	+14,38 %	+ 20,39 %	+ 34,97 %	+ 85,87 %	

Ports	2009	2010	2011	2012	2013	2010-2013
Aurland/Flåm	123	106	128	151	175	69
Bergen	260	241	264	322	329	88
Eidfjord	33	49	40	49	80	31
Flørø	2	12	3	6	6	-6
Geiranger	169	157	156	202	214	57
Hellesylt		95	91	105	120	25
Gudvangen	40	15	20	10	22	7
Haugesund				5	7	7
Jondal - Herand		1	3	-	-	-1
Kristiansund	6	5	4	7	12	7
Molde	33	51	34	42	39	-12
Odda		1		1		-1
Olden	76	60	69	81	95	35
Rosendal	14	3	8	4	5	2
Stavanger	99	111	132	165	195	84
Skjolden	13	11	11	22	45	34
Ulvik	7	24	20	26	27	3
Vik	17	22	21	10	16	-6
Ålesund	73	74	87	114	123	49
Åndalsnes	28	33	36	49	54	21
<b>Total</b>	<b>1 105</b>	<b>1 071</b>	<b>1 127</b>	<b>1 426</b>	<b>1 562</b>	<b>491</b>
<b>Markedsandel</b>	<b>70 %</b>	<b>65 %</b>	<b>67 %</b>	<b>69 %</b>	<b>68 %</b>	<b>+ 3 %</b>
<b>Vekst</b>		<b>-3 %</b>	<b>5,30 %</b>	<b>26,50 %</b>	<b>9,50 %</b>	<b>45,84 %</b>



### **2.3. Eit berekraftig reiseliv**

Berekraft som gjennomgåande faktor i reiselivstenkinga vert vurdert til å vere styrka gjennom året som har gått. Ein har brukt mykje tid på å definere og klargjere ei felles forståing på kva dette er. Eit berekraftig reiseliv er eit reiseliv som tek omsyn til miljøet, både i den tradisjonelle forståinga av miljøomsyn (klima og forureining), men og tek i vare lokalsamfunna og som og gjev lokale ringverknader og verdiskaping. Ein har nok og blitt noko stimulert av at omgrepet «eit berekraftig reiseliv» og er noko som står fram som attraktivt og som om er nasjonale målsettingar og mål om eit berekraftig reiseliv er og noko som er berande i Vestlandsrådet sin strategi for reiseliv.

Likevel har ein ikkje klare måleindikatorar på kva dette er, men er nøydd til å gje ei kvalitativ vurdering av innsatsen. I handlingsplanen for 2013, var det eit mål å få opp talet på miljøsertifiserte bedrifter, der ein skulle gje økonomisk stimuli til dette. Dette har ikkje blitt gjennomført systematisk, men det er eit område som bør arbeidast vidare med.

### **2.4. Samla vurdering av måloppnåing**

Pilene peikar ikkje i riktig retning for året 2013 for Sogn og Fjordane med omsyn til måla på til dømes gjestedøgn. Det er verdt å merke seg at fleire delar av det samla biletet av reiselivsutviklinga i fylket er på rett veg, men framgangen og veksten er kanskje ikkje så hurtig som ein ville ynskje. Vidare må ein ta med seg på vegen omlegginga av statistikken som gjer at det ikkje er direkte samanliknbart med tidlegare år, når ein tek alle gjestedøgnstypar med. Vi ser positive teikn på utviding av sesongane og auke i vintersesongen. Vidare er det ei auke i tal bedrifter og då utanom aktivitetsbedriftene som vi veit det har blitt fleire av dei siste åra. Det generelle biletet av bedriftene i fylket seier at etablerarar og bedrifter i fylket har ei større sannsynlegheit for å overleve og vekse vidare samanlikna med andre stader i landet. Vi vil tru at denne tendensen og vil gjelde for reiselivsnæringa sjølv om bedriftene her har store utfordringar.

Vidare er den auka satsinga på kvalitetsheving, samhandling og profesjonalisering viktig på lang sikt for å auke opplevinga for våre tilreisande og tiltaka som IN syner til har positive resultat. Det er og eit meir heilskapleg arbeid ute i destinasjonsselskapa for å kome med nye produkt og opplevingar, noko som vil kome reiselivsnæringa til gode. Koplinga mellom kultur og reiseliv er viktig, men dette arbeidet er i ein tidleg fase.

Styringsgruppa vil likevel peika på at det bør gjerast ei vurdering av mål og måleindikatorar slik at ein set seg realistiske mål som kan vere oppnåelege. Kanskje er måla knytt til gjestedøgn og verdiskaping sett for høgt når ein no ser dei siste åras utvikling.

## 3. Arbeid i styringsgruppe og programgrupper

### 3.1. Styringsgruppa

Styringsgruppa har hatt fire møter i løpet av året. Styringsgruppa har vore samansett slik:

- Jan Heggheim, SFFK (leiar)
  - Åsne Folstad, IN
  - Christian Rekkedal, FM
  - Steinar Nesdal, KS
  - Kari Pavelich, Opera Nordfjord
  - Wenny Hansen, NHO Sogn og Fjordane
  - Arne Glenn Flåten, Virke (frå mars 2013)
  - Leif Øverland, Fjord1
  - Siw Merete Stadheim, Avinor
  - Kristian B. Jørgensen, Fjord Norge
  - Ann-Helen Blakset, NCE Fjord Norway (observatør) (fram til august 2013)
- 
- Karoline Bjerkeset, SFFK (sekretær)

Den offentlege partnerskapen har ei avtale som regulerer ansvar og rolle i arbeidet med oppfølging av reiselivsplanen. SFFK, IN og FM(LA) har ansvar for kvar sine arbeidsfelt og tilhørande mål. Desse tre organiserer og trekkjer inn eksterne krefter/ressurspersonar på ulikt vis slik dei meiner det er hensiktsmessig. Styringsgruppa har hatt overordna styring med oppfølginga av planen og ansvar for å gjennomføre dei tiltak som er sett i handlingsplan og budsjett. Vidare skal styringsgruppa vere ein arena for koordinering, strategisk tenking og informasjonsutveksling. Ein har framleis ein veg i høve til å få dei gode strategiske drøftingane i styringsgruppa då mykje tid går til å handsame løyvingar. Det vil difor bli gjort framlegg om å endre på dette i handlingsplanen for 2014. Vidare så er kultur og samferdsle viktige delar av ei heilskapleg reiselivsutvikling, noko ein ikkje har greidd å knyte tett nok til det strategiske arbeidet.

### 3.2. Programgrupper

Dei tre programgruppene er organisert på ulikt vis etter kva som høver til oppgåvene som skal utførast. I infrastrukturprogrammet er viktige gjennomføringsaktørar i form av destinasjonsselskapa med, det same i berekraftsprogrammet. Aktørprogrammet som omhandlar den bedriftsretta innsatsen mot næringa knytter til seg ressurspersonar der dette er naudsynt.

## 4. Gjennomførte tiltak

Det vert synt til handlingsplanen for 2013 godkjent av HPN i hpn-sak 13/xx. Handlingsplanen ligg som vedlegg til denne rapporten. Handlingsplanen tok utgangspunkt i dei strategiske handlingsområda som ligg i reiselivsplanen.

### 4.1. Samla vurdering av innsats

Ein har til dels funne forma på arbeidet, men ein ser at mykje tid går til detaljar noko som kan medverke til at ein ikkje greier å løfte blikket å sjå dei lange linjene. Vidare så bør ein bruke meir tid på erfaringsutveksling og deling av kunnskap og resultat for å sikre samordning, koordinering og styrka felles innsats.

Sjølv om måleindikatorane ikkje går riktig veg, så er arbeidet med utvikling av reiseliv eit langsiktig arbeid der ein ikkje kan vente at det snur på eit år eller to. Styringsgruppa er av den oppfatning om at dei strategiske områda og tiltaka som er sett i verk er med på å profesjonalisere reiselivsnæringa, auke tilgjengelegheita og ikkje minst skape større medvit om kva ein må tilby for å trekke til seg tilreisande. Det er positivt at Vestlandet som region er den regionene som aukar, samstundes som vårt fylke har nokre typiske «distriktsutfordringar». Sjå elles vedlegg til denne rapporten.

### 4.2. Samhandling

Samhandling er eit tema som femner om ei lang rekkje tiltak, frå bedriftsretta innsats til kommunikasjon. Av særskilte tiltak som bør nemnast er reiselivskonferansen som denne gongen besto av tre ulike arrangement og var for heile Vestlandet i samarbeid med Fjord Norge og NCE Tourism Fjord Norway. Tilbakemeldingane tyder på at ein slik konferanse har stor nytte som læringsarena og nettverksbygger. Vidare har det blitt arbeid med nettverksarbeid blant opplevingsbedriftene, noko som ser ut til å ha gode effektar for dei bedriftene som er med. Det kommunikasjonsmessige arbeidet er viktig for at dei ulike aktørane skal framstå som samla og koordinerte og for å gjere det enkelt for dei ulike reiselivsaktørane å orientere seg om ulike tilbod. Dette er ein ikkje i mål med, men må arbeidast vidare med.

### 4.3. Berekraftig reiseliv

Sjå og innleiing. Tiltaka som skissert i handlingsplanen er delvis gjennomført. Vidare har forskingsprosjektet som fylkeskommunen er prosjekteigar for; «Samspel for eit berekraftig reiseliv» no blitt sett i gong. Første prosjektår er gjennomført, der ein har i stor grad henta inn og analysert eksisterande kunnskap for å starte praktisk arbeid i andre prosjektår.

Det bør og nemnast arbeidet som vert gjort for å mobilisere og få opp nye lokalmatprodusentar i fylket. Dette er eit viktig bidrag til ei heilskapleg reiselivsutvikling og er med på å heve totalinntrykket av tilbodet. Lokal matproduksjon tek i bruk lokale ressursar og medverkar til auka lokale ringverknader av reiselivsnæringa. Lokal mat har fått auka fokus og etterspurnad dei siste åra og her i fylket har ein fått opp gode dømme som kan vere til inspirasjon og motivasjon for andre.

#### **4.4. Produktutvikling og infrastruktur**

Desse strategiske arbeidsfeltene heng tett i hop. På grunnlag av konklusjonar frå eit analysearbeid som styringsgruppa fekk ferdig i 2012, har ein basert arbeidet på valet av tema «vandring». Fylket skal vere i toppen når det gjeld tilbod til tilreisande som ynskjer å vandre enten dette er på fjellet, på kysten eller i småbyen. Vandring som tema har vore berande i utviklingsarbeidet som destinasjonsselskapa har gjort, tildeling av infrastrukturmidlar og er tett knytt opp til aktivitetsbaserte bedriftsretta innsatsen frå IN og til arbeidet i NCE Tourism Fjord Norway. Gjennom utlysning av midlar til infrastruktur har ein no fått på plass eit system som sikrar at alle relevante aktørar har moglegheit til å søkje og at desse utviklingsprosjekta vert koordinert gjennom destinasjonsselskapa for å få ein heilskapleg og systematisk innsats. Det vart lyst ut 2,5 millionar til infrastrukturtiltak og det kom inn mange gode prosjekt som ein forhåpentlegvis ser resultat av om nokre år i form av auka tilgjengelegheit og nye produkt. Det er vesentleg at ein no får følgd opp alle desse prosjekta på ein god måte og at dei vert kopla mot anna arbeid som vert gjort gjennom reiselivsplanen.

#### **4.5. Kunnskap og kompetanse**

Det er påbyrja eit stort prosjekt om å bygge eit kunnskaps- og forskingsmiljø knytt til reiseliv i fylket. Dette arbeidet pågår, men har stoppa opp grunna førebels mangel på eksterne ressursar. Det er og verdt å nemne arbeidet knytt til FoU som NCE Tourism Fjord Norway har som skal kome alle klyngemedlemmene til gode der IN har vore med og finansiert sju kurs.

## 5. Økonomi

Økonomioversynet syner dei fylkeskommunale midlane som er nytta på reiseliv. Vidare kjem innsats i form av midlar og ressursar frå Innovasjon Norge og Fylkesmannen på deira ansvarsområder. Sjå vedlegg for fleire detaljar om løyvingar til infrastrukturprosjekt.

		Budsjett 2013	Nytta midlar 2013
<b>Midlar og løyvingar</b>	<b>Finansiering</b>	<b>Løyvingar/tiltak</b>	
Løyving budsjett og økonomiplan 2013	11 600 000		
INU-midlar sett av til reiseliv 2013	4 000 000		
Rest - INU-midlar sett av til reiseliv 2012	2 882 000		
Rest - INU-midlar sett av til reiseliv 2011	65 635		
Overført frå 2012	562 167		
Fjord Norge - int. marknadsføring		4 000 000	4 001 500
NCE Tourism Fjord Norway		350 000	350 000
Rutetilbod Sognefjorden		1 000 000	600 000
Film - Fuzz, WNFC		500 000	500 000
Adm. reiselivsplanen		200 000	200 000
Forskningsprosjekt "Samspel for berekraftig reiseliv"		900 000	900 000
Reiselivskonferansen 2013		130 000	80 000
Travelistics - hovudprosjekt			-
Forprosjekt - samarbeid destinasjonsselskapa		200 000	200 000
Forprosjekt - Sagastad		150 000	150 000
Statistikknett		70 000	58 500
Deltaking på karrieremesser Framtidsfylket - dest.selskapa		50 000	35 300
Utlysing av infrastrukturmidlar		2 500 000	2 526 000
Avtalar med destinasjonsselskapa		4 000 000	4 000 000
Forskningsprogram reiseliv		1 000 000	-
Miljøsertifisering av reiselivsbedrifter		350 000	-
Bulystprosjektet "Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremспорт"		800 000	800 000
Reiselivsnæringa som attraktiv næring for privat kapital		200 000	-
Prosjektet Sunnivaieia - ungdomsvandring		30 000	30 000
Sogn og Fjordane sin andel av merkeprosjektet Gjensidige		350 000	350 000
Fjordskranke - utviklingsprosjekt 2013-2015 dest.selskapa		620 000	620 000
Fjordkysten Øyhopping 2013-2015		230 000	230 000
Fjordkysten - Kinn 2013-2015		230 000	230 000
Andre generasjon bygdeturisme 2013 - Vestlandsforskning		100 000	100 000
Tilleggsloøyving organisering i Sogn - Sogn regionråd		150 000	150 000
Internasjonal lansering av "Oppdrag Sognefjorden"		333 333	333 333
<b>SUM</b>	<b>19 109 802</b>	<b>18 443 333</b>	<b>16 306 133</b>

## 6. Vedlegg

### Vedlegg 1 Tabellar gjestedøgn

Tabell 1

Hotellovernattinger i Fjord Norge.  
Regioner i Fjord Norge  
Januar - november 2013 og prosentvis endring fra samme  
periode 2012

	Landet i alt			Fjord Norge i alt			Rogaland			Hordaland			Sogn og Fjordane			Møre og Romsdal		
	2013	2012	Endr. %	2013	2012	Endr. %	2013	2012	Endr. %	2013	2012	Endr. %	2013	2012	Endr. %	2013	2012	Endr. %
Alle mark.	18 755 777	18 762 555	0	4 964 252	4 915 425	1	1 462 102	1 388 968	5,3	1 988 152	1 993 568	-0,3	684 846	699 237	-2,1	829 152	833 652	-0,5
Noreg	13 907 541	13 927 196	-0,1	3 535 417	3 501 194	1	1 132 676	1 093 020	3,6	1 344 953	1 344 417	0	436 664	448 362	-2,6	621 124	615 395	0,9
Utland i alt	4 848 236	4 835 359	0,3	1 428 835	1 414 231	1	329 426	295 948	11,3	643 199	649 151	-0,9	248 182	250 875	-1,1	208 028	218 257	-4,7

Tabell 2

Samlet marked. Overnattinger ved  
hoteller, campingplasser, hyttegrender og  
vandrerhjem. Regioner i Fjord Norge  
Januar - november 2013 og prosentvis endring fra samme  
periode 2012

	Landet i alt			Fjord Norge i alt			Rogaland			Hordaland			Sogn og Fjordane			Møre og Romsdal		
	2013	2012	Endr. %	2013	2012	Endr. %	2013	2012	Endr. %	2013	2012	Endr. %	2013	2012	Endr. %	2013	2012	Endr. %
Alle mark.	28 047 040	28 549 549	-1,8	7 065 326	7 309 814	-3,3	1 834 250	1 928 736	-4,9	2 645 804	2 564 829	3,2	1 243 786	1 376 025	-9,6	1 341 486	1 440 224	-6,9
Noreg	20 642 403	20 888 587	-1,2	4 746 283	4 856 041	-2,3	1 385 853	1 416 169	-2,1	1 684 062	1 654 903	1,8	750 808	825 086	-9	925 560	959 883	-3,6
Utland i alt	7 404 637	7 660 962	-3,3	2 319 043	2 453 773	-5,5	448 397	512 567	-12,5	961 742	909 926	5,7	492 978	550 939	-10,5	415 926	480 341	-13,4

## Vedlegg 2 Oversyn kurs og kompetanseheving Innovasjon Norge

### Reisemål Stryn & Nordfjord

- Kurs i «Godt Vertskap – Nordfjordvert» – i samarbeid med VAKN
- Kurset «Bli god på nett»

### Visit Sognefjord

- Kurs i «Pakking, distribusjon og sal – pilot retta mot cruisenæringa»

### ERIH (Askvoll næringsutvikling)

- Kurs i «Godt Vertskap»
- Kurs i «Opplevingsproduksjon»
- Kurs i «Pakking, distribusjon og salg – inkl. e-læringskurs i pakkereiseloven»
- Kurs i «Internasjonal Markedsføring»

### Vedlegg 3 Løyvingar infrastrukturmidlar 2013

Nr.	Søklar	Tittel	Totalbudsjett	Sum søkt	Tildeling	Kommentar
1	Sunnfjord næringsutvikling AS	Interaktive informasjonstavler	100 000	100 000	100 000	
2	Sunnfjord næringsutvikling AS	Produktutvikling - Haugabreen	100 000	100 000	50 000	
3	Stryn kommune	Cruise Olden - utgreiing	505 300	202 800	200 000	
12	Norsk kvernsteinsenter	Den historiske fjordkysten	253 500	100 000	100 000	
14	Stryn aktiv	Aktivitetstransport i Nordfjord	120 000	100 000	80 000	
19	Kunstbygda Balestrand AS	Kunstbygda Balestrand - samarbeidsprosjekt	9 650 000	500 000	100 000	
20	Reisemål Stryn og Nordfjord AS	Terrengsykling i Nordfjord	1 500 000	750 000	650 000	
21	Visit Fjordkysten AS	Hornelen	200 000	100 000	100 000	
22	Lustrabaatane AS	Utvida ruteproduksjon - Urnesferja 2014	521 905	260 953	-	
23	Visit Fjordkysten AS	QR-koding langs kysten	50 000	50 000	50 000	
24	Fortidsminneforeininga avd. Sogn	Sesongforlenging Urnes og Borgund stavkyrkjer 2014	453 000	226 500	226 000	
29	Sogndal skisenter drift AS	Laussnøekspresen Sogndal 2014	400 000	200 000	160 000	
31	Visit Sognefjord AS	Friluftsbussen	603 500	300 000	-	
32	Nettbuss Sogn billag AS	Vandrebussen Årdal/Hjelle - Turtagrø	423 300	211 651	160 000	
33	Nettbuss Sogn billag AS	Vandrebussen Aurlandsdalen	497 337	248 668	200 000	
35	Nettbuss Sogn billag AS	Jostedalsbrebussen	515 640	257 820	150 000	
36	Lærdal kommune	Bussrute over Aurlandsfjellet	280 000	100 000	-	200 000 fordelt på desse tre prosjekta
37	Lærdal kommune	Tilgjengeleggjering og produktforbetring	200 000	100 000	-	
38	Lærdal kommune	Toppen av Sognefjorden	249 000	100 000	200 000	
					2 526 000	



## Vedlegg 4 Oversyn over status på tiltak 2013

Nr.	Tiltak	Status
<b>5.1. Samhandling</b>		
5.1.1.	Reiselivskonferansen «Fjordane frå bre til hav 2013»	Gjennomført
5.1.2.	Bedriftsnettverk og klyngeutvikling	Pågår
5.1.3.	Kompetanseprogram for reiselivsnæringa	Gjennomført
5.1.4.	Felles nyhende-brev frå den regionale partnerskapen ut til reiselivsnæringa	Ikkje gjennomført systematisk
5.1.5.	Styringsgruppa for reiselivsplanen som koordinerande og strategisk forum	Pågår
5.1.6.	Styrka ekstern informasjon	Ikkje gjennomført
5.1.7.	Følgje opp Vestlandsstrategien for reiseliv	
5.1.8.	Følgje opp nasjonal reiselivsstrategi "Destinasjon Norge" (2012)	Pågår
<b>5.2. Berekraftig reiseliv</b>		
5.2.1.	Forskningsprosjektet «Samspel for berekraftig reiseliv	Pågår
5.2.2.	Privat hyttebygging på berekraftig vis	Gjennomført
5.2.3.	Miljøsertifisering av reiselivsbedrifter	Ikkje gjennomført
<b>5.3. Produktutvikling</b>		
5.3.1.	Utvikle og styrke produkt basert på «vandring» som tema mellom anna gjennom avtalane med destinasjonsselskapa	Delvis gjennomført
5.3.2.	Etablering av interkommunale friluftsråd	Pågår
<b>5.4. Verkemiddelbruk og private investeringar</b>		
5.4.1.	Reiselivsnæringa som attraktiv næring for privat kapital	Ikkje gjennomført
<b>5.5. Infrastruktur og fellestiltak</b>		
5.5.1.	Sikre tilgjengelegheit gjennom utlysing av midlar til infrastruktur	Gjennomført
5.5.2.	Utvikle og definere kva som skal vere fyrår i fylket og målrette tiltak inn mot dette	Gjennomført
<b>5.6. Marknadskommunikasjon</b>		
5.6.1.	Internasjonal marknadsføring gjennom styrka satsing til Fjord Norge frå fylkeskommunen, destinasjonsselskapa og næring si side	Gjennomført
5.6.2.	Auka marknadsføring mot den norske marknaden	Ikkje gjennomført i systematisk grad
<b>5.7. Kunnskap og kompetanse</b>		
5.7.1.	Følgje opp forprosjekt «Forskningsprogram reiseliv	Pågår
5.7.2.	Følgje opp hovudprosjektet «Travelistics» i regi av Vestlandsforskning	Ikkje gjennomført grunna ikkje aktuelt
5.7.3.	Ha ei samla oversikt over relevante kurs for næring og forvaltning på nettsida <a href="http://www.bretilhav.no">www.bretilhav.no</a>	Ikkje gjennomført
5.7.4.	Medverke til kompetanseheving og informasjonsutveksling gjennom kurs og foredrag til na	Gjennomført